

NOTAT OM OVERORDNA VA-PLAN, Kjerkalevik

Bakgrunn

Detaljreguleringsplan Kjerkalevik opnar for bygging av inntil 6 nye fritidsbustadar. På grunn av at det er ulike eigarar innanfor planområdet er det også ulik tidshorisont for eventuell gjennomføring av utbygging. Det er difor tenkt ei samla utbygging av VA-anlegg for vatn og avløp for dei som foreløpig ønskjer å starta utbygging, men med dimensjonering slik at det er råd å kopla til fleire til same anlegg i etterkant. Dersom ulik oppstart tilseier det, kan det lagast fleire separate anlegg, men som utgongspunkt skal ein søkja å samla det i færrast mogeleg tal sjøledninger. I oppstartsmøte vart det diskutert å nytta sjøvatn som sløkkjevatn for brannvesenet, dette ligg til grunn for vassbehovet innan planområdet.

Fysisk plassering av VA-utstyr vist i vedlagte VA-plan er ikkje bindande men meint som prinsippskisse. Konkrete forhald under bygging kan medføra endring i plassering.

Utbygging av vasstilkoppling

Etter samråd med BVA kan ein knytta seg til offentleg vatn i området. Dette er tilgjengeleg i kum i botnen av Kjerkalevik, kum nr 37200 ved 137/62. Herifrå går vidare med Ø63mm HDPE SDR 11 ledning i sjø, til den austre delen av planområdet for å sikra rikeleg kapasitet. Tilkopling er tenkt via felles tilkopling/avgreining i kum slikt:

137/62 Ø32mm HDPE SDR11 ledning i grøft direkte frå kum 37200.

137/19 + 21 + 23 Ø63mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200, med separat avgreining på land.

137/4 Ø50mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200

137/39 Ø63mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200, til avgreining i kum på land, og vidare til tomt med Ø32mm HDPE SDR ledning i sjø.

Dersom det av praktiske årsakar (f. eks kryssing av veg / enklare avgreiningar o.l.) er meir hensiktsmessig med tilknytning frå ein annan kum, kan dette eventuelt gjerast etter konkret avtale med BVA.

Utbygging av avløpssystem

Som utgongspunkt er det lagt opp til privat avløpsanlegg ihht lokal forskrift om sanitært avløpsvatn i Bømlo kommune. Det fins ikkje offentleg avløpsløysningar tilgjengeleg i området i dag.

Trykkavlvøpssystem må installeraast og driftast i henhold til VA-miljøblad for dimensjonering (nr 66) og drift (nr 67) samt norsk standard for trykkavlvøp, EN-NS-1671. Det er lagt opp til felles slamavskiljarar for grupper av bygg, og felles trykkavlvøpssystem og felles avløpsledning til tilfredsstillande recipient i henhold til krav stilt i lokal forskrift.

I området Kjerkalevik må ein leggja avløpsledning forbi Lyngholmen og utanfor moloen ved Lykling for å finna god nok recipient.

- 137/62 Kvern泵esystem med Ø50mm HDPE SDR11 ledning i sjø eller grøft til felles
slamavskiljar ved 137/19 / 137/21
- 137/19 + 137/21 Felles slamavskiljar og trykkavløpssystem med Ø75mm HDPE SDR11 ledning i
sjø direkte ut til tilfredsstillande resipient.
- 137/4 Kvern泵esystem med Ø50mm HDPE SDR11 ledning i sjø eller grøft til felles
slamavskiljar ved 137/19 / 137/21
- 137/39 Avløp via kvernpestasjon og Ø50mm HDPE SDR 11 ledning i sjø til felles anlegg
på 137/2.

*Dersom oppsitjarane heller vil montera godkjent renseanlegg ihht til forskrift er det ei løysing som
også kan nyttast innanfor planområdet. Avløpsløysingane må vera ihht gjeldande forskrift i Bømlo
kommune.*

Overvatn

Det vert lagt opp til at overvatn renn frå terreg og til sjø.

27.07.2023, rev03

Vidar Onarheim

Planlegg Bømlo AS